

# Død <sup>Samfunns-</sup> og drap <sup>liv</sup> 1941

Det er fremdeles mange som synes det er ein norsk menneskerett å ta død over andre mennesker. Men skal det kunne skje på politisk grunnlag?

General Ruge var 7. juni 1940 med på ein avtale om at norske soldatar i Finnmark skulle stå under tysk overkommando, og at «den forhenværende norske regjering» ikkje skulle vite noe om dette!

Var general Ruge da en landssvikar, som burde ha hatt si fortente straff?

Det var stort fleirtal i Stortinget for å avsette Konge og Regjering sommeren 1940. Det var norske «patriotar» som for god betaling og snaps, bar inn bomber i tyske fly. Ka med dem?

3 kommisariske statsrådar ble frikjent av høgsterett. De var ikkje medlemmer av NS — men andre ble dømt til døden.

Til slutt dette avgjerande spørsmålet: Var Noreg i krig, var Noreg alliert med vestmaktene etter 7. juni 1940?

«De allierte, Storbritannia og USA skulle befri Norge, og vi skulle bare være rådgivere». Statsminister Nygaardsvold: Norge i krig 1940—45 side 217.

Men når vi, i følge Nygaardsvold, faktisk bare var rådgivere, må henrettelsene, under og etter krigen, bli å registrere som drap. Politiske hemnaksjonar for å skjule egne forhold.

Biskop Lønning har teke avstand frå henrettelsane etter krigen. Smått, smått — vil kanskje hedningebølgja miste si kraft?

Arne Stornes

8

Samfunns-  
liv  
1941

## Fariseere

«Eg takkar deg Gud, for at eg ikkje er som andre mennesker». Lærarinna vår knepte hendene over hauet, og fortalde frå bibelhistoria — om fariseerne. Så pekte hu mot døra, mot tollaren og syndaren.

Eg har aldri glømt denne scenen. Eg var førsteklassing og glad for at vi ikkje hadde fariseere i vårt land.

Etter kvart som livet har gitt erfaringar, har eg registrert at fariseerne er menneske og står oss tett inn til halsen — ikkje minst i avisredaksjoner og fjernstyring. Stygge historier er det alltid god plass for. Det er ikkje måte på ytringsfridommen da, men forsøk å fortell om MENNENE frå borgerkrigstida i landet vårt. Da møter du muren.

Engepatrioten, Svein Blindheim skreiv hyleg til meg og klaga over at det var vanskelig å få spalteplass. Det galdt spesielt omtale av krigsforbrytelser frå norsk og alliert side. Nei, det skal vi ikkje ha noe av!

Professor Skeie, Johan Scharfenberg, Martha Steinsvik, O.H. Langeland dei gjekk ut og fortalde litt om MENNENE frå denne tida. Vi har aldri hatt slik nitid overvaking, angiveri og kontroll, skreiv professor Skeie sommeren 1945.

Per Borten er betenkt over overvakinga i dag, og det kan han gjerne være, men han våger heller ikke å gå tilbake til «ondets rot».

Justiskomiteens formann i Stortinget, Jørgen Kosmo, er også betenkt, betenkt over å skrive fra seg retten til dødsstraffaksjoner. Det bør han ikkje være. I 1945 syntes det ikkje å være noe problem å sette tilsides alt vi hadde av rettsvern, for å skyte der vi skyte ville.

Som gode fariseere, vil vi nok kunne forlange blodhevn også i framtida.

Eg takkar deg Gud, for at eg ikkje er som Quisling, Berggrav eller Rødekorssøstrene.

Arne Stornes

100482

Tillegg:  
Arne Stornes er  
desverre nu gått bort.  
Nekrolog i neste  
nummer.

(R.S.G.S.)